

## Undergang må koma mellom Ospelunden og Korsnes

16.03.2015



Dette er det ferdigprosjekterte prosjektet mellom Ospelunden og Korsnes

Det er stor trang for ein undergang som knyt saman Korsnes og den nye bydelen Ospelunden. Det erfarer ein dagleg når ein observerar kor mange ungar som flyg att og fram over fylkesvegen og representarar ein fære for alvorlege ulukker.

Det påpeikar primus motor Oddbjørn Kroka i Ospelunden-prosjektet. Han ynskjer at denne viktige saken vert teke opp i full breidde under det rutinemessige møtet i Uskedalen Utvikling i neste månad. Då skal kveldens tema vere nettopp trafikksikring.

- Dette bør bli ein hovudsak på dette møtet. Ein annan viktig sak som bør takast opp der er trongen for minst ein overgang til i dei sentrale delar av bygda, til dømes mellom busslomma og brua, seier fleire som har teke kontakt med uskedsalen.no i samband med dette møtet.



[Kjem det ein undergang til høgre for der bilen køyrar ned? Det veit ingen i dag.](#) (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kroka minner om at prosjektet mellom Ospelunden og Korsnes forlengst er ferdig prosjektert av Ospelundens konsulent Eigil Ulvund, som gjekk bort for stutt tid sidan.

Det er gjort ein grundig jobb og materialet vil sjølvsagt kunne nyttast, men på grunn av kostnaden på 800 000 kroner må kommunen og/eller Statens vegvesen ta denne rekninga, sleg Kroka fast. Men han vonar at det ikkje tek altfor lang tid før det kan skje.

Ser ein så nærare på prosjektet, er hovedpoenget altså at gangtrafikken skal kryssa den sterkt trafikerte vegen like ovanfor der vegen ned til Korsnes tek av frå fylkesvegen. Undergangen er kopla saman med busslomme.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen